



BARNEOMBODET

Justis- og beredskapsdepartementet
Postboks 8005 Dep
0030 OSLO

E-post: postmottak@jd.dep.no

Dykkar ref:	Vår ref:	Saksbehandler:	Dato:
	15/00681-2	Anders Cameron	13. mai 2015

Høyring- endringar i utlendingsforskrifta - barn med lang opphaldstid i Norge som vart tvangsreturnert i 2014-2015

Barneombodet viser til høyringsbrev frå Justis- og beredskapsdepartementet med dato 6. mai om endringar i utlendingsforskrifta. Departementet foreslår ei midlertidig løysing som gjer at barn som har vorte tvangsutsende frå Norge i perioden 1.7.2014-18.3.2015 kan få vurdert oppmoding om omgjering av vedtaket til UNE fremma frå utlandet.

Barneombodet er positive til at regjeringa no foreslår å opne for ei ny handsaming av nokre sakar frå barn som vart sende ut i 2014 og 2015. Det er viktig for rettstryggleiken til barna at sakane skal handsamast i nemndmøte.

Barneombodet meiner det er svært uklart om forskriftsendringa som departementet foreslår vil være til det beste for barn. Forholdet til artikkel 3 i barnekonvensjonen er ikkje godt nok utgreia i høyringsnotatet. Det er viktig at familiane får tilbod om fri rettshjelp.

Om Barneombodet

Barneombodet skal jobbe for at barn og unge sine behov, rettar og interesser skal bli tekne godt nok omsyn til på alle område i samfunnet. Barneombodet skal foreslå tiltak som er bra for barn, og vi skal spesielt følgje opp FNs barnekonvensjon.

Generelt om artikkel 3 i barnekonvensjonen

Artikkel 3 i barnekonvensjonen pålegg norske myndigheiter å gjere ei vurdering av kva som gagnar barnet best i alle sakar som vedgår barn. Dette gjeld òg i utforminga av reglar i sakar som angår barn.

Omsynet til barn skal ha grunnleggjande vekt i avgjerder som vedgår barn. På side fire og fem i høyringsnotatet skriver departementet kort om artikkel 3 i barnekonvensjonen. Departementet konstaterer plikta til å vurdere omsynet til barn, og skriver vidare at statane òg kan leggje vekt på andre omsyn. I konvensjonen står det at omsynet til barnet skal ha grunnleggjande vekt. Dette er òg tatt inn i § 104 i Grunnlova. Den engelske ordlyden, «shall be a primary consideration», er sterkare, ikkje svakare, slik departementet ser ut til å meine. Departementet nemner ikkje kravet i barnekonvensjonen om vektta omsynet til barn skal ha, men ser i staden ut til å være meir opptekne av å understreke at ein òg kan leggje vekt på andre omsyn, til dømes innvandringsregulerande omsyn. Departementet si forståing av artikkel 3 i barnekonvensjonen ser ikkje ut til å være i tråd med forståinga til FNs

barnerettskomité i deira generelle kommentar nummer 14, der komiteen understrekar at barnets interesser ikkje skal vurderast på same nivå som alle andre omsyn (CRC – GC nr. 14 - para. 37)

Om innvandringsregulerande omsyn i akkurat desse sakane

Departementet gjer etter det vi kan sjå ikkje for at det skal være innvandringsregulerande omsyn eller andre omsyn som skal ha stor vekt i akkurat desse sakane. Slik vi forstår føremålet med dei midlertidige forskriftsreglane, er det å gjere det mogeleg å rette opp feil som har oppstått fordi det har vært usemje mellom regjeringa, KrF og Venstre om korleis ein skal forstå punktet i avtalen mellom partia som handlar om lengeverande barn. Dette er ein svært spesiell situasjon, og vi kan ikkje sjå at det skal være noko i denne situasjonen som talar for at ein legg stor vekt på innvandringsregulerande omsyn, til dømes å hindre ei auke i talet på asylsøknadar til Norge.

Vurderinga av tilknytning og alderen til barnet

Kor sterkt barn er knytt til Norge er truleg ei svært sentral vurdering i sakar som er omfatta av dei forskriftsendringane departementet foreslår. Barneombodet er kritisk til at vurderinga av alderen og tilknytninga til barnet og av kor sterkt barnet er knytt til Norge skal gjerast på det tidspunktet forskrifta trer i kraft, mens resten av vurderinga av omsynet til barnet skal gjerast på eit seinare tidspunkt, når saken vert avgjort. Departementet gjev etter det vi kan sjå ikkje nokon god grunn for at vurderinga skal skje på ulike tidspunkt. Vurderinga av kva som vil vere til det beste for barnet er ei totalvurdering av situasjonen til barnet. Ei slik oppdeling av vurderinga som departementet foreslår er ikkje forankra i artikkel 3 i barnekonvensjonen, og det er ei reell fare for at ei oppdeling vil gjere at forvaltninga ikkje gjer ei totalvurdering, og at omsynet til barnet samla sett får mindre vekt med ei slik oppdeling.

Departementet skriv at tilknytning som barnet har fått til heimlandet fram til forskriftsendringane trer i kraft, òg skal vere ei del av vurderinga. Barneombodet er kritisk til dette. Barna og foreldra deira vil gjere det beste ut av den situasjonen dei er i. Dette inneber å gå på skule og på anna vis få tilknytning til det samfunnet man er ein del av. Om føremålet med regelendingane som departementet foreslår er å rette opp feil, vil det vere urimeleg å klandre barn og familiar som har gjort det beste ut av situasjonen dei har hamna i. Det er òg merkeleg at tilknytning til heimlandet barnet får etter at forskrifta trer i kraft ikkje er viktig i vurderinga. Korleis forvaltninga skal sondre mellom tilknytning før og etter at forskrifta trer i kraft, er òg eit interessant spørsmål. Utforminga av forslaget tyder på at desse formuleringane er tekne inn for at så få som mogeleg av barna skal få opphald. Dette avgrensar i så fall forvaltninga si mogelegheit til å vurdere heilheten i barna si situasjon og legge grunnleggjande vekt på kva som er til det beste for barnet.

Barneombodet vil ta til orde for eit enklare regelverk der departementet ikkje avgrensar mogelegheita forvaltninga har til å legge vekt på heilheten i barnet sin situasjon på vurderingstidspunktet. I alle saker som er omfatta av regelendingane bør det verte gjort ei heilt ny og samla vurdering etter utlendingslova § 38 og utlendingsforskrifta § 8-5, som ein ville gjort om barnet framleis var i Norge. Forvaltninga bør òg kunne vurdere om barnet har behov for beskyttelse etter utlendingslova § 28 i sakar der dette er relevant.

Om rettshjelp

I revidert nasjonalbudsjett er det sette av midlar til fri rettshjelp, blant anna til den gruppa barn som er omfatta av dei forskriftsendringane som departementet foreslår. Dei svært kompliserte reglane og viktigheita av at sakane vert skikkeleg opplyste gjer at det er viktig at rettshjelpsordningane vert gode og at dei vert gjort kjend blant familiar med barn som kan vere omfatta av dei forskriftsendringane som departementet foreslår.

Barneombodet takker for mogelegheita til å komme med sitt syn på forslaga. Vi deltar gjerne i vidare dialog med departementet om desse.

Venleg helsing

Camilla Kayed
fagsjef

Anders Cameron
seniorrådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.

[Klikk her for å skrive inn tekst.](#)